

FORELDREINFO MARS 2025

FAU/SU



Det var møte i SU den 05.mars. Referatet finn de [her](#).

FAU skal ha sitt siste møte den 02.04.

Minner og igjen om årsmøtet 22.05.25.

Elevane på barnetrinnet har hatt felles **fokusområde på språk og omgangstone**.

På 2. og 3.trinn har klassane laga tre der dei skal samla på gode ord elevane kan koma på å klara bruka. Elevane får skrive orda på blokker som dei får lima på treet i klasserommet sitt.

Me velde å ha fokus på dette for å imøtekomme ein begynnande trend med meir negativ språkbruk. Dette har hatt god effekt i klassane melder lærarane tilbake.

Takk for oppbakking heimefrå, saman får me til mykje!



"IN A WORLD WHERE YOU CAN BE ANYTHING, BE KIND."

- UNKNOWN



Det er herleg når det blir varmare ute, og elevane kan springa ut og leika utan å bli hindra av regnkledde og tunge, varme plagg. Det er mykje fin leik utanfor, både på barnetrinnet og på ungdomstrinnet. «Hæ dokke ball te låns?» høyrer me kvart friminutt. Godt å ha dei i aktivitet!

Me minner om påskeferie veke 16 + måndag veke 17. Me veit mange av elevane bidreg i lemminga heime, lukke til med denne!

Mvh

Svanhild Gjødrem

rektor

